



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-M70	17/548

### SAMARBEIDSAVTALE FOR IUA BERGEN REGION KOF

#### Vedlagte saksdokument:

IUA Bergen region KOF - Samarbeidsavtale .PDF  
Samarbeidsavtale for IUA Bergen region KOF

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for *Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Bergen region kommunalt oppgavefellesskap*.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommune deltar i interkommunalt samarbeid mot akutt forureining - IUA. I samsvar med ny kommunelov vert samarbeidsforma endra til kommunalt oppgåvefellesskap. Styret i IUA har sendt ny samarbeidsavtale til godkjenning i kommunane.

##### Bakgrunn for saka

Alle kommunar skal delta i interkommunalt samarbeid mot akutt forureining. IUA Bergen region som dekker kommunane Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fedje, Gulen, Hyllestad, Kvam, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Solund, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden ble oppretta som eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova. Etter ny kommunelov frå 2019 skal slike samarbeid endrast til kommunalt oppgåvefellesskap eller interkommunalt selskap. Fristen for omdanning er fire år etter at den nye kommunelova trådde i kraft, det vil sei hausten 2023.

##### Formelt grunnlag

§ 7 i forskrift av 4. januar 2022 nr. 10 om kommunal beredskap mot akuttforureining.  
Kommunelova kap 19

##### Vurdering og konsekvensar

Årsmøtet i IUA Bergen region fatta følgande vedtak 27. april 2021:

1. Årsmøtet vedtar å omdanne IUA Bergen region til et interkommunalt oppgavefellesskap innen 2022.

*2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeide en samarbeidsavtale med utgangspunkt i dagens vedtekter.*

*3. Samarbeidsavtalen skal legges frem for kommunestyrene i samtlige deltakerkommuner for godkjenning*

Når det vert oppretta eit kommunalt oppgåvefelleskap, skal det inngåast skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefelleskapet. Vedlagt følger framlegg til samarbeidsavtale for IUA Bergen region KOF.

Sekretariatet har innhenta erfaringar frå andre IUA-samarbeid og ein del andre samarbeidsorgan som er under omdanning til kommunale oppgåvefelleskap. Det er også søkt råd hos KS Advokatene og Kystverket, blant anna for å sikre at samarbeidsavtalen tar tilstrekkeleg omsyn til forskjellen i størrelse på deltakarkommunane. Styret i IUA Bergen region behandla forslaget til samarbeidsavtale i møte 10. mars d.å., og fatta samrøystes følgande vedtak:

*Styret godkjenner samarbeidsavtalen for IUA Bergen region KOF, og ber sekretariatet sende denne til alle deltakerkommunene for godkjenning i kommunestyrene. Mal for saksfremstilling skal legges ved samarbeidsavtalen ved utsending til deltaker kommunene for å sikre at det blir fattet likelydende vedtak i alle kommunene.*

Samarbeidsavtalen trer ikkje i kraft før den er godkjent av kommunestyra i alle deltakarkommunane. Det er ønskeleg at kommunestyra fattar vedtak før sommaren 2023.

Omdanninga av IUA Bergen region frå et § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova til eit kommunalt oppgåvefelleskap etter den nye kommunelova forventast ikkje å få økonomiske konsekvensar for deltakarkommunane.

Kommunedirektøren rår til at samarbeidsavtalen vert godtkjent slik den ligg føre.